

KORT HISTORIE OM BYGDEALLMENNINGANE

MED VEKT PÅ TIDA ETTER 1850

Innleiing

Denne presentasjonen skal teikne nokre hovudtrekk av historia til norske bygdeallmenningar i tida etter 1850. Men for å byggje opp under heilskapen i framstillinga, må eg også kaste nokre blikk lenger attover mot allmenningssala etter 1660.

Presentasjonen blir kanskje noko allmenningsintern, men eg vil her og der prøve å setje sakene inn i ein vidare samanheng. Særleg i forhold til strukturendringar i jordbruket, som bygdeallmenningane jo er ei forlenging av. I vår samanheng burde eg kanskje gått nærare inn på tilhøva i Gudbrandsdalen enn det eg kjem til å gjere. Bruk av Skjåk almenning som gjennomgangsdøme vil rette litt på dette, men berre litt fordi denne allmenningen på fleire måtar er atypisk. Det gjeld både med omsyn til geografisk utstrekning og indre forhold i sjølve allmenningen.

Før eg som *ikkje* historikar skal gå inn på historia, skal eg likevel først som *ikkje* jurist sneie rettsvitenskapen. For det er jusen som er hovudinngangen til å forstå norske allmenningar.

Allmenningar og allmenningsrett

I klassikaren *Norsk Almenningsrett* frå 1928, definerer K. Meinich Olsen allmenning som "*en strækning, hvor et eller flere bygdelag i kraft av loven har bruksrett.*"¹ Definisjonen til Meinich Olsen er knapp, men innhaldsrik. Litt utpakking kan derfor opplyse det som kjem seinare i innleiinga. Først til ordet strekning: Når Meinich Olsen skriv om "strækning" er det tale om utmarksområde, slik som skog og fjell, utanfor dei gamle gardsvalda.

Definisjonen får vidare fram at det er bruksrett, og ikkje eigedomsrett, som avgjer om ei utmarksstrekning er allmenning. Dette skil allmenningane frå gardssameiga, der det er korleis sjølve eigarskapen er ordna som bestemmer om eit utmarksareal er sameige.

Kven som er grunneigar har likevel betyding for allmenningar, for det er grunneigedommsretten som bestemmer kva type allmenning det er snakk om. Er det Kongen eller staten som eig grunnen, er det snakk om statsallmenning. Ligg eigedomsretten til minst halvparten av jordbrukseigedommane med bruksrett i allmenningen, er det bygdeallmenning.² Til sist, dersom færre enn halvparten av bruksrettshavarane har eigedomsretten, står vi overfor ein privatallmenning. Det vil seie, privatallmenningar skal vi eigentleg ikkje stå overfor i dag, for skoglova av 1863 påla utskifting av privatallmenningane, slik at ein del vart bygdeallmenning og resten vanleg privat eigedom utan påhefta bruksrett.³

Ikkje alle utmarksstrekningar som det kviler bruksrettar på er allmenning. For å vere ein allmenning, må strekninga *liggje til* eit bygdelag der *gardsbruka* i bygdelaget i alders tid har utøvd bruksrett. Omgrepet *bygdelag* er heilt sentralt i samband med allmenningar, fordi det er grensene for bygdelaget (ev. bygdelaga) som bestemmer kven som kan ha bruksrett.⁴ I både bygdeallmenningane og statsallmenningane gjeld dette for dei jordbrukstilknytte bruksrettane. Det vil seie rett til trevirke, beite og seter,⁵ der haustinga er avgrensa til gardsbehovet.⁶

I tillegg til dei jordbrukstilknytte bruksrettane, er det personlege bruksrettar til fiske og småviltjakt i allmenningane. I bygdeallmenningane er desse rettane strengt forstått avgrensa til hushalda på jordbrukseigedommar med bruksrett, medan retten til fiske og småviltjakt i statsallmenningane langt på veg er allemannsrettar. I Norge ligg retten til storviltjakt på elg, hjort og rein hos grunneigaren. Det betyr at bygdeallmenningane også har inntekta frå storviltjakta, medan utgangspunktet i statsallmenningane er at inntektene frå storviltjakta høyrer til Statskog. Over tid har stadig større del av inntektene frå storviltjakta kome dei lokale fjellstyra til gode.

Til sist, kva meiner Meinich Olsen med at bruksretten er "i kraft av loven"? Her er det først greitt å peike på kva "i kraft av loven" *ikkje* betyr, for det betyr ikkje at allmenningsrettane har vorte til gjennom lovvedtak. Det er ikkje Kongen eller Stortinget

som har bestemt at et skal vere bruksrettar til virke, beite, seter, osb. i allmenningane, for desse eller tilsvarende rettar, fanst *før lov var til*. Det lova gjer er å gje kraft til bruksretten ved å anerkjenne han og meisle ut korleis bruksrettane er å forstå. At innhaldet i bruksretten ikkje ligg fast, understrekar dette poenget. Bruksretten skal til kvar tid kunne utøvast rasjonelt i samsvar med tida og tilhøva, som det heiter i både fjellova og bygdeallmenningslova.

Opphavet til bygdeallmenningane

Nemninga bygdeallmenning kjem først i bruk som juridisk term i *Lov om Skovvesenet* frå 1863.⁷ Men allereie seks år før, i *Lov, inneholdende Bestemmelser om Almindingssskove* frå 1857, får vi definisjonen av bygdeallmenning som ein allmenning der minst halvparten av bruka med virkesrett er grunneigarar.⁸

Sjølv om ordet bygdeallmenning først kom inn i lovtekstar kring 1860, hadde fenomenet bygdeallmenning alt funnest lenge. Dei bygdeallmenningane vi kan tidfeste opphavet til, har bakgrunn i dei store krongodssala etter innføringa av eineveldet i Danmark-Norge i 1660.⁹ Med unntak av åra frå 1821 til 1848, heldt salet av (skogs)allmenningar fram heilt til den nemnde Skovloven av 1863.

Arkivar Gunnar Tank laga i 1936 ei liste over selde allmenningar frå 1660 til 1863 som omfattar 50 allmenningar spreidde frå Akershus i sør til Troms i nord, men ingen på Vestlandet, i Vestfold og Østfold.¹⁰ Særleg under trelastboomen utetter 1700-talet og fram til krakket med napoleonskrigane, var det vanleg at spekulantar stod for kjøpet med bruksretten påhefta.

Fleire av allmenningane på lista til Tank vart utskifta og er derfor borte som allmenningar i dag. Andre vart etter ei tid som privatallmenningar til bygdeallmenningar ved vidaresal frå privatpersonar til bruksrettshavarane.

Dagens Skjåk almenning er eit døme på det, som frå 1726 og fram 1798 gjekk på handel og i arv innanfor trelastpatrisiatet i Christiania. Unntaket er dei åra dovringen Tosten Hjelle åtte allmenningen tidleg på 1740-talet. I 1798 kjøpte dei matrikulerte bruka i

Skjåk "Nordherredsmarkens allmenning" av godseigar og konferensråd Bernt Anker. Nokre leiglendingsbruk som var rydda inne allmenningen vart samstundes sjølveigarar, og la på den måten pengar til kjøpet. Fordi skylda vart lagt til grunn for kor mykje kvar gard skulle svare for i kjøpet, blir framleis eigardelane i Skjåk almenning rekna i huder og skinn, der ei hud svarar til 12 skinn. Dei fleste bruka som er rydda etter 1798 har ikkje eigarrett i allmenningen, men berre bruksrett. At eigarrett og bruksrett i Skjåk almenning er skilde åt, er eit unntak blant bygdeallmenningar. Dette har, som eg skal kome attende til, ved fleire høve vore ei kjelde til konflikhtar og bygdestrid i Skjåk.

Atter andre av dei selde allmenningane vart utskifta, slik at ein del vart bygdeallmenning og resten vanleg privateigedom. Somme av dei sist selde kongeallmenningane, slik som Oppdal og Espedalen, vart selde med påskrift om at skogen skulle skiftast ut mellom virkesrettshavarane.¹¹

Dei første moderne skog- og allmenningslovene

Hans Sevatdal peikar på at det i eldre tid fanst lite av institusjonelle samhandlingsorgan for felleseige og fellesbruk i Norge. Det typiske her til lands har vore "individuell bruk i kollektive område."¹² Landskapslovene frå mellomalderen og fram til og med *Christian V's Norske lov* inneheld ikkje føresegner om korleis rettshavarane skulle samordne haustinga si.

"Trelastoligarkane" på 1600- og 1700-talet hadde gjerne ein kortsiktig horisont. Rovhogst av grovt tømmer – 10 tommars topp - vart etter kvar vanleg også langt inne i landet.¹³ Skogen var såleis mange stader i elendig forfatning til langt ut på 1800-talet. Dette gjaldt ikkje minst allmenningsskogane, der både spekulantar og bruksrettshavarane sjølve hadde hogge hardt og skogfagleg feil.¹⁴

Det tidlegaste spede tiltaket for å regulere "individuell bruk av kollektive område" kom med formannskapslovene i 1837. Da vart formannskapet sett til å stå for drifta i allmenningsskogane.¹⁵ Likevel var det først skoglovgjevinga i 1857 og 1863 som byrja å gje systematiske reglar for forvaltning og bruk av allmenningsskogen. Med 1857 lova kom det krav om allmenningsstyre og bruksreglar, og desse føresegnene vart tekne opp

att og utdjupa i 1863 lova. Allmenningsstyret skulle ha minst fem medlemmar og vere samansett av formannskapsmedlemmar med eigardelar i allmenningen.

Dei nye lovene markerte dessutan ei vending bort frå liberalismen som hadde prega skogpolitikken første halvdel av 1800-talet. I 1863 lova sette blant anna stopp for sal av statsallmenningar og utskifting av skogsallmenningar. Inspirert av erfaringar frå Tyskland, spesielt målbore av juristen og forstmannen Jacob Barth (1822-92), tok ein ny skogkommisjon i 1879 til ords for betre skogfagleg forvaltning av allmenningane. Kommisjonen kom mellom anna med framlegg om at allmenningane skulle utarbeide driftsplanar, utan at dette vart noko av før 50 år seinare. Siste allmenningslova på 1800-talet kom i 1897 og omhandla val av *Bestyrelse for Bygdeallmenninger og Statsallmenninger*. Lova bestemte at allmenningsstyret skulle ha fem medlemmar, og at det skulle veljast ved fleirtalsval av og blant dei bruksrettshavarane under leiing av lensmannen.

Denne valordninga førte til at det etter kvart vart stilt fleire lister ved allmenningsvala. Typisk slik at Bondelaget og Bonde og småbrukarlaget stilte kvar si liste. Dermed kom dei sosiale spenningane som heile tida hadde vore der mellom små og store gardsbruk fram i dagen.

Kvar ligg bygdeallmenningane og kva for ressursar rår dei over?

Sjølv om mange eigedomsgrenser framleis var uklåre, var kartet over kvar vi finn bygdeallmenningar i dag hovudsak bestemt da salet av statsallmenningar vart stoppa i 1863. Vi har i dag i alt 51 bygdeallmenningar med eit samla areal på om lag 6500 km² (omtrent som Vestfold og Østfold fylke til saman), der ca. 1700 km² er produktiv skog. Det svarar til om lag 2% av det produktive skogarealet i landet. Av dei 51 allmenningane er 35 medlemmar av Norsk almeningsforbund, og balansekvantumet for desse utgjer for tida om lag 400 000 kbm årleg. Til saman er det rundt 13000 bruksrettar i bygdeallmenningane.¹⁶

Bygdeallmenningane er samla i seks hovudregionar: Trøndelag, Hedmark, Romerike, Hadeland, Toten og Gudbrandsdalen. Dei mest skogsrike bygdeallmenningane ligg i Hedmark og på Hadeland, og tel allmenningar som Stange, Romedal, Løiten, Gran,

Lunner, Brandbu og Tingelstad. I tillegg finst det nokre mindre bygdeallmenningar i Nord Hordaland og Sogn.

I Gudbrandsdalen har vi i alt 8 bygdeallmenningar, der dei største er:

- *Espedalen bygdeallmenning*: Seld frå staten i 1855; 240 km² fjell, ikkje skog; 686 bruksberettiga.
- *Joramo bygdeallmenning*: Gammal bygdeallmenning, ikkje seld; 76 km² av dette 9 km² skog; 260 bruksberettiga.
- *Dovreskogen bygdeallmenning*: Gammal bygdeallmenning, ikkje seld; 36 km² av dette 8,9 km² skog.
- *Skjåk almenning*; Seld frå staten 1726 kjøpt attende til bygda i 1798; omfattar 95% av arealet i Skjåk kommune eller om lag 2000 km²; knapt 90 km² er produktiv skog; ca. 300 bruksberettiga.

I tillegg må vi ta med tre statsallmenningar der skogen blir driven som bygdeallmenning. Dette er:

- Langmorkje almenning: 884 km² av dette ca. 95 km² produktiv skog; 426 bruksberettiga.
- Fron almenning: 133 km² av dette 26 km² produktiv skog; 686 bruksberettiga.
- Øyer almenning: 439 km² av dette 39 km² produktiv skog; 297 bruksberettiga.

Vi var komne fram til ca. år 1900 i saga vår om bygdeallmenningane. Den vidare framstillinga vil bli delt i tre. Første bolk omhandlar tida frå 1900-1950. Her skal eg inn på utfordringar knytt til grunnlaget for bruksrett, profesjonalisering av allmenningsdrifta, sagbruksverksemd, og grensegang i fjellet mellom bygdeallmenningane og statens høgfjell. Andre del tek for seg perioden frå 1950 til 1990, medan tredje og siste del går inn på trekk av historia etter 1990.

Bygdeallmenningane i perioden 1900-1950

Valreglane frå 1897 medførte krav om nøyaktig registrering av kven som hadde bruksrett (bruksrettsregister). Da kom også den store auken i talet på landbrukseigedommar i Norge gjennom 1800-talet opp i dagen.¹⁷ Talet på bruk vart nær på dobla frå om lag 79 000 bruk i år 1800 til om lag 155 000 bruk i år 1900.¹⁸ Auken i talet på bruk syner dermed same mønstret som auken i folketalet i denne perioden. Trass i stor utvandring til Nord Amerika, vart folketalet i landet dobla gjennom 1800-talet, frå knapt 900 000 til om lag 1,8 millionar. Gamle gardar vart delde og nye bruk vart rydda, blant anna i allmenningane. I tillegg kom den store auken i talet på husmannsplassar som mot slutten av hundreåret gjekk over til sjølveige.¹⁹

Sjølv om urbaniseringa var sterk, heldt talet på jordbrukseigedommar fram med å auke heilt fram til 1950. Da var talet på bruk nådd 200 000. Både innløysingsretten husmennene fekk med jordlova av 1928, og den statleg stimulerte bureisingspolitikken etter 1920, var aktive drivkrefter i denne utviklinga.

Bureisinga og sal av allmenningsgrunn førte til kontrovers i bygdeallmenningane. Særleg galdt det eit framlegg frå Norsk bonde og småbrukarlag i 1932 om å opne for ekspropriasjon av jord til bureising i bygdeallmenningane.²⁰ Framlegget frå Småbrukarlaget vart det ikkje noko av, men dette hindra ikkje at det vart rydda mange bureisingsbruk i bygdeallmenningane. I Skjåk vart det rydda til saman 40 nye bruk i tidsrommet 1922-1945.²¹ Av desse låg 31 i allmenningen.²²

Mange nye bruk banka derfor på døra for å få bruksrett dei første tiåra av 1900-talet, og eigarane av dei gamle og jamt over større bruka kjende seg utsette. Presset på ressursane auka også, og i fleire allmenningar melde spørsmålet seg om det var nok skog til å dekkje virkesbehovet.²³

Spørsmålet "kva er eit bruksrettsbruk?" melde seg derfor med full tyngde; kor stort jordbruk må ein drive for å ha krav på bruksrett i ein bygdeallmenning? Temaet kom opp for Høgsterett første gongen i 1913 og enda med den såkalla Hadelandsdommen. I denne dommen uttala Høgsterett mellom anna at for å ha bruksrett må eit bruk ha "karakter av jordbruk og drives som sådant". Allmenningsstyra fann ikkje mykje

rettleiing i dette svaret, og spørsmålet om vilkåra for bruksrett i bygdeallmenning har vore reist Høgsterett fleire gonger. Seinast i sakene som vart avslutta med Grandommen frå 2002. Men Høgsterett har ikkje på noko tidspunkt funne grunn til å fastsetje bestemte krav til storleiken på dyrka areal, eller omfang av jordbruksproduksjon, for at ein eigedom har krav på bruksrett.²⁴

Samtidig med at talet på eigedommar med bruksrett og bruksrettsbehov auka, vart drifta av bygdeallmenningane gradvis meir profesjonell utover 1900-talet. I 1918 kom det inn i skoglova at bygdeallmenningane skulle ha fagleg kvalifisert bestyrar, noko fleire allmenningar allereie hadde på det tidspunktet. Året etter fekk vi dessutan den første landskogstakseringa. Først på 1930-talet vart påbodet om driftsplan for skogen lovfesta.

Dei store salshogstane, der tømmer vart seld på rot til oppkjøparar, tok etter kvart slutt.²⁵ Mange bygdeallmenningar investerte heller i nye og etter tida moderne sagbruk for å vidareforedle eige virke. Primært skulle allmenningssagene tene bruksrettsbehovet, men i overskotsallmenningane²⁶ vart sagbruka dimensjonert for produksjon av trelast for den opne marknaden. Sjølv om aktiviteten i skogen var moderat mellom krigane, skapte bygdeallmenningane monaleg sysselsetting og store positive økonomiske ringverknader i mange bygdesamfunn desse åra.

Fellesdrift av skogen i bygdeallmenningane vart meir og meir vanleg, og i 1937 fekk Landbruksdepartementet mynde til å påleggje fellesdrift etter at allmenningsstyret hadde gjeve uttale.²⁷ Same år vart også valordninga til allmenningsstyra endra til forholdstalsval. På den måten vart representasjonen i allmenningsstyret frå ulike grupper og krinsar av allmenningane sikrere.²⁸

Eit sideblikk mot Skjåk almenning frå kring utbrotet av første verdskrig og fram mot andre verdskrig illustrerer den generelle utviklinga. I 1913 vart det valt eit allmenningsstyre med sosial forankring hos småbrukarane i bygda, sjølv om styreleiaren Ola Aanstad høyrde til blant dei største eigarane. Ved sida av å setje bruksrettsinteressene i førarsetet, sette dette styret tre store tidstypiske saker på dagsorden. Det gjekk inn for å selje plassbruka i allmenningen, bygging av nytt

trelastbruk og utbygging av Høgfossen for å gje bygda elektrisitet. Dette var kontroversielle saker det av ymse grunnar tok tid å realisere. Det nye sagbruket ved Skamsarfossen stod først ferdig i 1930.²⁹ Høgfossen vart ikkje utbygd før i samband med Øvre Otta utbygginga på tidleg på 2000-talet, utan medverknad frå Skjåk almenning.

Det polariserte samfunnsklimaet i mellomkrigstida slo også inn over bygdeallmenningane. Etter berre tre vekers drift av det nye sagbruket ved Skamsarfossen, gjekk arbeidarane til streik med krav om tariffavtale.³⁰ I 1938 organiserte ei gruppe allmenningseigarar ein aksjon frå sin kant. Dei kravde stans i sal av allmenningss grunn, at nymatrikulerte bruk skulle miste røysteretten ved allmenningssval, og at berre allmenningseigarane skulle disponere overskotet i allmenningen. Denne eigaraksjonen var på fleire vis ekstrem, og kom snart inn i skuggen av ny verdskrig og større utfordringar.

Grensegang mellom allmenning og annan eigedom har vore eit tema heilt sidan krongodssala. I fleire tiår etter at Skjåk almenning var seld, var det t.d. disputt om kva Kongen hadde avhenda. Rentekammeret hadde notert at salet dreia seg om ein ryddingsplass. Det høyrer med til ironien at salet nok hadde vorte omgjort dersom det hadde gått klårt fram av auksjonsprotokollen at det var ein allmenning som var seld, for mange av allmenningssala i 1720-åra vart oppheva etter protestar frå bruksrettshavarane.³¹ I så fall hadde mest sannsynleg Skjåk almenning i dag vore statsallmenning.

På 1800-talet vart det gjennomført to store utgreiingsarbeid om rettslege forhold knytt til statsallmenningane i Gudbrandsdalen. Det første stod futen M.S. Lyng for i åra 1800-1801 med *Beskrivelse over de Usolgte Kongelige Almenninger i Gudbrandsdalens Fogderi*.³² Det andre var Gudbrandsdalskommisjonen ansvarleg for, og resulterte i rapporten *Indberetning om Statsalmenningerne i Gudbrandsdalen* frå 1884.³³ Gudbrandsdalskommisjonen arbeidde i 8 år og hadde til mandat å klårleggje statens rettar i statsallmenningane og grensene for statsallmenningane.

I fjellet var eigedomsgrensene enda mindre klare enn i skogen. I 1908 og 1912 vart det derfor sett i verk to viktige tiltak for finne ut av eigedomsforholda og rettstilstanden i fjellområda. *Høgfjellskommisjonen*, oppretta i 1908, var ein særdomstol som systematisk arbeidde seg gjennom fjellområda i Sør Norge til og med Sør Trøndelag.³⁴ Mandatet til Høgfjellskommisjonen var å fastsetje grensene mellom statsallmenningane og privat grunn. Kommisjonen var i arbeid heilt til i 1954. *Fjellovkomiteen* vart nedsett i 1912 og la grunnlaget for den første fjellova frå 1920. Noko av tildrivet bak begge initiativa var den gryande vasskraftutbygginga. Utsiktene til vasskraftutbygging gjorde at fjellet brått fekk stor økonomisk interesse tidleg på 1900-talet.³⁵

I Skjåk påstod staten at høgfjellet var statsallmenning, medan Skjåk almenning hevda at også fjellet høyrde til bygdeallmenningen. Saka verserte for Høgfjellskommisjonen i fleire år med synfaringar og vitneopptak, før Høgsterett endeleg avgjorde spørsmålet i favør av Skjåk almenning i 1922. Det gjekk derfor nær på 200 år frå allmenningen var seld til grensene var fastlagde.³⁶

Bygdeallmenningane 1950-1990

Den første etterkrigstida var ei framgangstid for bygdeallmenningane. I krigsåra påla okkupasjonsstyret store uthogstar, noko som medførte at allmenningane var godt likvide rett etter krigen. Ei sak etter krigen vart derfor om bygdeallmenningane skulle betale eingongsskatt, ut frå påstand om at dei hadde profittert på okkupasjonen. Men denne skatten vart det til slutt ikkje noko av, fordi hogstane hadde vore pålagde, og fordi det i realiteten handla om omdanning av naturkapital til pengar.

God likviditet, høge tømmerprisar på grunn av gjenreisinga og mykje hogstmoden skog, gjorde at åra fram til midt på 1960-talet var ei stortid for bygdeallmenningane.³⁷ Det var høg aktivitet i skogane, og allmenningane flest tente pengar utover å tene bruksretten. Til 150 års jubileet for Norges Vel i 1959 bygde t.d. Stange og Romedal almenningar like godt eit komplett moderne gardstun på Ekeberg i Oslo.

Men mot slutten av 1960-åra byrja det å butte mot. I 1968 synte rekneskapane for halvparten av bygdeallmenningane på Austlandet underskot etter at bruksretten var

tilgodesett. På slutten av 1960-åra og tidleg 1970-tal sette fleire sentrale bygdeallmenningar både administrasjon, skogsdrift og industriverksemd under lupa.³⁸ Konklusjonen var at allmenningane berre delvis hadde følgd med i timen:

- Administrasjonen var tungrodd mellom anna fordi allmenningslovgjevinga var gammaldags. Det gamle kravet om eiga lov for bygdeallmenningane vart derfor reist på nytt.
- I allmenningsstyra var det utbreidd skepsis til mekanisering av skogbruket. Allmenningane hadde ikkje tydeleg nok sett den teknologiske revolusjonen og rasjonaliseringa som var i gang.
- Trelastindustrien hadde strukturproblem; allmenningsagbruka var for små og produksjonsutstyret mange stader utdatert.

Det første punktet vart innfridd i 1992 da *lov om bygdeallmenningar* vart vedteken. Lova innebar ingen revolusjon, men stadfesta og systematiserte allereie etablert rettspraksis. Lova slo mellom anna fast at bygdeallmenningane er privat eigedom, ei ny valordning med valkomité og fleirtalsval vart innført, og det vart lagt ned eit generelt forbod mot sal av allmenningsgrunn. Dette snudde om på den såkalla Titus Fallingen dommen frå Skjåk almenning, der Høgsterett i 1963 hadde tilkjent allmenningsstyret kompetanse til å selje allmenningsgrunn. Men det lenge etterlyste arealkravet til bruksrettsbruk kom ikkje med i lova.

Mekaniseringa av skogbruket var det ingen veg utanom. Tømmerfløytinga ebba stort sett ut med 1960-talet. Frå slutten av same tiår overtok traktoren heilt for hesten i skogen, og etter kvart kom lassberarane og hogstmaskinene. I 2009 vart 90% av tømmeret i Norge avverka med hogstmaskin.³⁹ Talet på skogsarbeidarar sokk frå om lag 35 000 i 1950 til færre enn 500 i dag.⁴⁰

Frå 1970-åra og framover endra strukturen i trelastnæringa seg dramatisk mot færre og langt større sagbruk.⁴¹ Utfordringane dei mange små allmenningsbruka stod overfor vart møtt på tre måtar. For det første vart ei rekkje små sagbruk lagt ned.⁴² Andre allmenningar satsa og bygde ny industri, gjerne skilt ut som eigne selskap der fleire

allmenningar i fellesskap var eigarar.⁴³ Så seint som midt på 1990-talet var minst 15 mindre og større trelastbruk drivne av bygdeallmenningar. I dag er det att 4 eller 5.

Bygdeallmenningane etter 1990

Skogen er derfor ikkje det han eingong var for bygdeallmenningane. Utviklinga i tømmerprisen dei siste 50-åra er truleg den beste indikatoren på det. Målt i 2015 kroner var gjennomsnittleg tømmerpris tre gonger så høg i 1965 som i 2015.⁴⁴

Bygdeallmenningane har derfor måtta sjå seg om etter andre og fleire bein å stå på. Sal av byggjeverer var eit nærliggjande forretningsområda å satse på, og mange bygdeallmenningar driv i dag byggjevereutsal knytt opp mot forskjellige kjeder.

Den disponible realinntekta per innbyggjar vart dobla i perioden 1995-2015. For allmenningar som ligg lagleg til for hyttebygging, har dette opna nye og til dels rause inntektskjelder. Paradeeksempela på dette Ringsaker og Brøttum almenningar, men også i mange andre bygdeallmenningar har utvikling av hyttefelt og bortfeste av tomter dei siste 20-åra vore med og avlasta reduserte inntekter frå skogen.⁴⁵

Historisk høge bestandar av hjortevilt (elg og hjort) saman med ditto betalingsvilje, har også auka jaktinntektene i bygdeallmenningane. I Skjåk almenning har jaktinntektene alt i mange år vore viktigaste inntektskjelda. Der er særleg villreinjakta viktig, men også elg- og hjortejakta tel positivt i rekneskapen.⁴⁶ Til saman hadde Skjåk almenning kroner 3,8 mill. i inntekter frå jakt og fiske i 2016.

Allmenningane er først og fremst ressursar for jordbruket i sine bygdelag. Dei djupe strukturendringane i jordbruket desse åra slår også inn i bygdeallmenningane. I 1950 sysselsette jordbruket 20% av folket, medan talet i 2017 er 2%. Talet på driftseiningar er redusert frå rundt 160 000 i 1970 til 41 200 i 2017. Parallelt med denne utviklinga har prosentdelen av dyrkajorda som er leigejord auka til 44% på nasjonalt nivå. Det talet som held seg oppe, er talet på landbrukseigedommar. I 2016 var det framleis 184 407 landbrukseigedommar i landet. På 30 000 gardsbruk med bustadhus bur det ikkje

folk fast.⁴⁷ Det finst derfor mange bruksrettsbruk utan aktiv jordbruksdrift i regi av eigaren. Sjølv om ytingane til slike bruk over bruksretten jamt over er små, reiser utviklinga fordelingspolitiske utfordringar for allmenningstyra.

Seterdrifta er den mest allmenningnære delen av jordbruket, og det var her dei nemnde strukturendringane viste seg først. Frå 1949 til 1979 stupte talet på aktive sætrer frå 22600 til 3400. I 2015 var det 915 setrer i drift i heile landet. Av desse var 350 i Oppland. Beitebruken har derimot halde seg langt betre, og talet på dyr på utmarksbeite har i enkelte område til og med auka dei siste åra.⁴⁸

Rovdyrpolitikken og re-etableringa av bjørn, jerv, gaupe og ulv i den norske faunaen utfordrar beitenæringa og beiteretten i allmenningane. Julussa er ikkje lenger mest kjent for fløyting og ei av dei kvassaste arbeidskonfliktane i mellomkrigstida, for å seie det slik. For skogbruket og virkesretten representerer statleg arealvern og skogvern ei liknande utfordring. Forsøk på å få til balanserte kompromiss mellom bruk og vern, har stått høgt oppe på dagsorden for bygdeallmenningane heilt sidan arbeidet med særlov for Osloomarka tok til i 1970-åra.

Dette er ikkje staden for å skifte sol og vind mellom kva som er "balanserte kompromiss" i desse og andre kjenselladde stridstemna. Eg skal heller avslutte med å vri på Christian den Vs *"saa skal Almindig være, saasom den haver været af gammel Tid"*, ved å framheve at allmenningane aldri har vore statiske. Allmenningane både er og vil vere mangslungne og dynamiske, noko eg håpar desse brotstykkja av allmenningssoga har fått fram.

¹ Meinich Olsen s. 230. Meinich Olsen avgrensar emnet sitt heilt mot slutten av boka og ikkje innleiingsvis, slik det er vanleg å gjere når vi skal greie ut noko. Men valet hans av tilnærming har gode grunnar. For, som han skriv: "Jo mere jeg har arbeidet med den praktiske jus, desto mere er jeg overbevist om betimeligheten av den advarsel mot virkelighetsfjerne konstuksjoner og deduksjoner, som ligger i det romerske ord *omne definitio periculosa est.*" Denne åtvaringa er i alle fall på rett plass i samband med allmenningar, der rettsreglane i særleg sterk grad er bestemt av historiske og lokale tilhøve - i tillegg til vanlege rettskjelder som lovgjeving, rettspraksis og sedvane. Først etter å ha gjennomført ei grundig historisk og tematisk drøfting ringar derfor Meinich Olsen inn kva vi skal forstå med ein allmenning.

² Jf. bygdeallmenningslova.

³ Jf. Svartdalssaka, ei fjerde form for allmenning?

⁴ Må ikkje bli blanda saman med kommunar eller andre administrative einingar.

⁵ Dette er dei viktaste bruksrettane, men opplistinga er ikkje utømmende. Rett til mosetak og never osb. er andre døme.

⁶ Jf. Chr. V Norske lov.

⁷ Nemninga Bøyde alminding er t.d. brukt hos M. S. Lyng 1802.

⁸ For å råde bot mot øydelegginga av skogen, vart det sett ned to skogkommisjonar. Ein i 1849 og ein i 1858. Det var desse som utarbeidde grunnlaget for den første moderne skoglovgjevinga her i landet.

⁹ Av pekuniære, politiske og ideologiske grunnar byrja kongen å selje unna gods i stor stil, der det mest spektakulære var salet til Joachim Irgens i 1666. Irgens var mellom anna sterkt involvert i bergverksdrifta på Røros og Lesja, og han hadde bidrege med store leveransar til krigføringa Frederik III dreiv på 1650-talet. Kongen var insolvent, og som oppgjer fekk Irgens alt krongodset i Nordland og Troms. Irgens gjekk seinare konkurs og godset hans vart oppløyst, men etterdønningane pregar ennå dei innfløkte eigedomsforholda blant anna med omsyn til tidlegare allmenningar nord for Trøndelag.

¹⁰ Vevstad side 15.

¹¹ Dei første tiåra etter 1814 var utskifting av felleseige sett på progressivt både ute i Europa, særleg England, og av Embetsmannsstaten med slike karar som Schweigaard og Stang i brodden her til lands.

¹² Sevatdal s. 208.

¹³ Kongemakta prøvde i periodar å bremse hogsten gjennom sagbruksprivilegium, regulering av eksporten og forbod mot langsiktige uthoggingskontraktar. På 1700 eksisterte det dessutan i to periodar eit Genralforstamt (frå 1739-46, og frå 1760-71). Generalforstamtet hadde tilsett ei rekkje såkalla Holzførster som skulle føre tilsyn med skognæringa rundt om i landet. Sjå Dyrvik s. 150.

¹⁴ I ein rapport frå Eidsvoll almenning kring 1850 heiter det t.d.; "*thi medens de Brugsberettigedes Hjemmeskove, der støder til Almenningen, staa grønne og frodige, ser Almenningen daarlig ud, som lidende av Skovtørke og Raaddenhed, idet der til dels ikke har kunnet hugges i ret Tid, dels har været hugget ujævnt og skjødsløst*". Sitert frå Vevstad 1994.

¹⁵ Skjåk var litt tidlegare ute, for der vart dei første bruksreglane vedtekne allereie i 1834. Hosar II, s. 90.

¹⁶ Tjuge år gamle tal frå Vevstad 1994.

¹⁷ I dagens statistikk har ein landbrukseigedom minst 5 daa dyrka jord.

¹⁸ Sevatdal, s 64.

¹⁹ Talet på husmannsplassar nådde ein topp på rundt 65 000 rundt 1860. Kring 1925

var talet redusert til om lag 6000.

²⁰ Vevstad s. 40.

²¹ Hosar IV, s. 273.

²² Dei fleste av desse bruका låg innanfor ei strekning som futen M.S. Lyng hadde peikt på etter sine synfaringar i 1800-1801.

²³ Sjå Vevstad

²⁴ Jf. bygdeallmenningensloven § 2.1. *Bruksrett i bygdeallmenning ligger til jordbrukseiendommer innen det bygdelag som fra gammel tid har utøvd bruksrett i allmenningen. Med jordbrukseiendommer forstås eiendommer som etter dyrket areal, beliggenhet, bebyggelse og bruk har karakter av jordbruk.*

²⁵ Inntekter frå salshogstar var i siste del av 1800-talet ei svært viktig inntekt for eigarane i Skjåk almenning. I perioden 1881 til 1914 utgjorde desse inntektene til saman kr 616 434,- . Utdelt per hud per år svarar dette til kroner 80,- per hud i snitt. For dei største eigarane utgjorde dette over kr 300,- per år, eller nok til å halde seg med to tenestekarar. Sjå Hosar III, s. 287. Men tømmeresala var heller ikkje ukontroversielle. Salet til brørne Bergsund i 1861 tok eit mindretal av eigarane heilt til Høgsterett, der dei fekk det annullert.

²⁶ Overskotsallmenningar er allmenningar som har meir skog enn det som trengst for å tene virkesretten.

²⁷ Motstykket til fellesdrift er enkeltmannsdrift, der bruksberettiga sjølve driv fram tømmer etter utvising frå allmenningen.

²⁸ I 1919 gjekk dei store bygdeallmenningane i Hedmark saman og danna organisasjonen som etter kvart skulle bli Norsk almenningforbund.

Allmenningforbundet skulle vere interesseorganisasjon overfor styresmaktene, fremje samarbeid mellom bygdeallmenningane, styrkje det faglege nivået, og arbeide for einsarta praksis hos medlemmane i bruksrettsspørsmål. Alle dei større bygdeallmenningane melde seg etter kvart inn i organisasjonen.

²⁹ Same stad hadde det vore drive privat sagbruk sidan 1897. Skjåk almenning tok over dette sagbruket i 1915.

³⁰ Hosar IV, s. 412.

³¹ G. Tank, 1916.

³² Ugjeven med forord av G.Tank i 1923.

³³ Er også trykt.

³⁴ Nord Trøndelag hadde ein eigen allmenningdomstol, og i Nordland og Troms er ennå ikkje lagnaden til den såkalla Hålogalandsallmenningen avgjort.

³⁵ Sjå t.d. Angell ...

³⁶ Det har også vore tvistar og grensegangar etter 1922.

³⁷ Tømmerprisane vart dobla samanlikna med før krigen. I 1950, det året Koreakrigen braut ut, steig kbm-prisen på skurtømmer av gran 49 kr til 73 kr på Austlandet – trass i statleg prisregulering. Jf. Almås, s. 145.

³⁸ Vevstad s. 70 ff.

³⁹ Grønlie s. 416.

⁴⁰ www.skogveven.no

⁴¹ Sjølv om det framleis finst om lag 500 mindre sagbruk i Norge, er trelastnæringa dominert av ein handfull aktørar med konserna Bergene Holm og Moelven i spissen.

⁴² Tal sagbruk i Norge?

⁴³ Allmenningane i Ringsaker danna Ringalm, medan Stange, Romedal, Løiten og Vang danna Hedalm. På Hadeland gjekk Gran og Brandbu og Tingelstad saman om Gran Tre. På Romerike fekk vi Romerike Trelast, og på Toten vart Toten tre etablert. Fleire av desse verksemdene er nå selde. Den tredje måten å møte dei industrielle utfordringane på var å spisse seg mot nisjeprodukt, slik som i Gudbrandsdalen der både Langmorkje og Skjåk Trelast AS har satsa på furupanelar og golvbord.

⁴⁴ Sidan 1990 har tømmerprisen rekna i nominelle kroner vaka rundt 350 per kbm.

⁴⁵ For endringar i bruk av fjell og utmark som følgje av velstandsauke, sjå t.d. Skjeggedal, T. og Overvåg K. (red.): Fjellbygd eller feriefjell. Fagbokforlaget, 2015.

⁴⁶ SSB statistikk viser at det i 2016 vart felt 30 000 elgar i Norge mot 19 000 i 1980. For hjort er tala tett på 38 000 mot 8000. Talet på felte villrein har lege rundt 5000 – 6000 dei siste 10 åra.

⁴⁷ SSB. Jordbruk og miljø 2016

⁴⁸ I 2015 var det 2,3 millionar husdyr på utmarksbeite. Av desse var 86% sauer. Likevel er det storfe som har den største prosentvise auken i dyr på utmarksbeite dei siste 5 åra. Dette skuldast truleg auken i talet på ammekyr.

Litteraturliste